

Referat frå klasseforeldremøte for 5.trinn.

Dato: 16.sept.2015

Stad: Hordabø skule

Foreldre frå 7 heimar møtte.

Viser til vedlagt PowerPoint: Gjennomgang av timeplan, vekeplan, utfordringar i klassen, forventingar til eleven, heimen og skulen.

Kva som blei særleg vektlagd på møte:

- Fin klasse der elevane respektere kvarandre, er høflege og gjer uttrykk for å trivast. Dei sit saman to og to, dette vert endra annakvar måndag. Me har eit program på smart-tavla som trekkjer kven som skal sitje med kvarandre, noko som er rettferdig og gjer at alle lærer å samarbeide med alle. Elevane og eg er godt nøgd med denne ordninga.
- Viktig å stilla krav til eleven. Me har snakka mykje i klassen om at ingenting kjem gratis, ein må øva for å verta god, både på fotballbana, i musikk, symjing ol. Dei neste 10 åra til eleven er svært viktig for heile livet deira.. dette kan eleven fortelje meir om, og de kan hjelpe med å investere i grunnmuren deira. Me vart einig om at eg sender sms heim når eleven har 3 annmerknader for ugjort lekse. De foreldre stiller spm om lekser og skuledagen, viser interesse og evt kontrollerer/hjelper med lekser. Sms også ved 3 glyminga av gymtøy.
- Lesa vekeplan saman med elev, planlegga veka, snakka saman om læringsmål. Gje tilbakemelding på både godt og vondt.
- Fagleg: Norsk, her må det lesast. Alle har hatt framgang når det gjeld lesehastighet, mange har også framgang på leseforståing. Matte, her er det rekneartane som er viktig. Korleis stille opp og rekne ut fleirsifra tal innan addisjon og subtraksjon. Multiplikasjonstabellen er viktig. Nokre få elevar kan alle 10, men mange har ennå ein jobb å gjera. Dette må puggast. Elevane veit om mange gode nettstader der dei kan jobba med dette. Sjå elles itslearning saman med eleven, der finn de også link til sidene. Engelsk, her må glosane puggast og leksa lesast. Det er viktig med godt ordforråd skal ein kunna forstå tekstane i boka. Foreldre synes engelsk er vanskeleg og etterlyste meir jobbing med det grunnleggjande. Dette er formidla vidare til Katrine (engelsklærer) og ho heldt no på med litt intensiv repetering av tidlegare pensum for å kunna bygga vidare på det.

Me er einig om å spele på lag, og halde nær og god kontakt mellom skule og heim. Send gjerne sms om det er noko. De har nokre fantastisk greie ungar, eg er ein glad og stolt kontaktlærer som gler meg kvar dag til å gå på jobb.

Vedlegg: PowerPoint frå foreldremøte.

Jannicke 😊